

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Dykkar ref:
2011/595-5253/2011

Vår ref:
2011/6931

Saksbehandlar
Anne Kristine Breivik, tlf.
55973928

Bergen,
21.02.2012

Høringsuttale - revidert fastlegeforskrift

Vi viser til brev frå Helse Vest av 23. desember 2011 vedlagt høringsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet og til korrespondanse per e-post med Hans K. Stenby.

Vi har gått gjennom høringsnotatet og forslaget til revidert fastlegeforskrift og har diskutert kva vi bør gje innspel på med ei rekkje av leiarane i føretaket. Innleiingsvis vil vi seie at sett frå spesialisthelsetenesta si side er vi grunnleggjande samd i intensjonane i forskrifta. Vi har likevel kommentarar til nokre av punkta som vi meiner er heilt sentrale for oss, særleg sett i lys av samhandlingsreforma:

Tydeliggjeringa av kommunen sitt ansvar for kvaliteten i allmennlegetenesta

Helse Bergen meiner det er positivt at kommunen sitt ansvar både for kvaliteten på tenesta og for at fastlegene følgjer opp dei fastsette kvalitets- og funksjonskrava kjem så tydeleg fram i forslaget. Dette vil gjere det lettare for oss å bli einige om ei oppgåvefordeling og å få til ei betre samhandling mellom oss og primærhelsetenesta, og fastlegene som ein del av denne. Fastlegene er ein sentral del av primærhelsetenesta og ein svært viktig samarbeidspart for spesialisthelsetenesta. Vi meiner derfor det er heilt nødvendig at det blir gitt høve til at kommunen som «arbeidsgjevar» kan stille tydelegare krav og forventningar til det arbeidet legene skal utføre.

Koordinering av helsetenestene

Helse Bergen meiner det er heilt sentralt at nokon må ha ansvaret for å koordinere dei helsetenestene pasienten får. Vi meiner det er viktig at pasienten opplever ei heilskapleg helseteneste og støtter forskriftsforslaget om at dette koordinerande ansvaret leggjast til fastlegen.

Fastlegen har ei nøkkelrolle for å få effekt av samhandlingsreforma


Dersom vi skal oppnå måla i samhandlingsreforma, må ein del oppgåver som i dag blir utført i spesialisthelsetenesta overførast til den kommunale helse- og omsorgstenesta. Ei rekkje av desse oppgåvene må då utførast av eller i samråd med pasienten sin fastlege. Eit eksempel på dette er ulike kontrolloppgåver etter behandling i spesialisthelsetenesta. Fastlegen vil også ha ei sentral rolle i pasientforløpa både inn i og ut av sjukehus. Ei slik presisering av oppgåver er


nødvendig for å få den ønska effekten av samhandlingsreforma. Fastlegane må derfor i større grad bli tillagt ansvar og oppgåver som støttar opp om dette.

Fastlegen og prioritering

Ein føresetnad for å få til intensjonen i revidert fastlegeforskrift om ei forskyving av oppgåver i pasientbehandlinga mot primærhelsetenesta, og for at dei pasientane som treng medisinsk oppfølging av fastlegen skal få det til rett tid, er at fastlegene har moglegheit til å gjere ei forsvarleg prioritering av dei ulike oppgåvene dei har. I forslaget til forskrift er fastlegene sitt listansvar blitt tydelegare enn det har vore tidlegare og departementet har også foreslått tydelegare og heilt konkrete krav til fastlegene si tilgjengelegheit. Tida til pasienten får time hos fastlegen er ein viktig faktor, men ikkje aleine eit kriterium. I spesialisthelsetenesta har prioriteringsforskrifta vore eit viktig virkemiddel for styring av tenestene. Vi saknar ei liknande tydeliggjering av prioritering av oppgåvene for fastlegane i forskrifta og meiner dette bør presiserast.

Med venleg helsing


Stener Kvinnsland
Administrerende direktør


Alf Henrik Andreassen
Fagdirektør